



Saksframlegg

Arkivsak-dok. 21/02615-2
Saksbehandler Emil Balstad

Utval
Planutvalet

Møtedato

Utvalsak

Forskrift om gebyr for saksbehandling, kontroll og tilsyn etter forureiningsregelverket, Vestnes kommune, Møre og Romsdal

Administrasjonssjefen si innstilling:

- 1) Framlegg til «**Forskrift om gebyr for saksbehandling, kontroll og tilsyn etter forureiningsregelverket, Vestnes kommune, Møre og Romsdal**» vert lagt ut på høyring.
- 2) Høyringsfristen vert sett til 6 veker

Saksopplysninger

Bakgrunn:

Kommunane er, med heimel i forurensingsloven og forurensingsforskriften, pliktig til å føre systematisk kontroll med at tillatelsar til utslepp og påslepp vert overhalde. Det er ikkje berre stortinget, gjennom lovverket som pålegg kommunane dette, men også gjennom internasjonale forpliktelsar som EU sitt vannrammedirektiv, implementert gjennom vannforskriften, kjem kommunen si plikt til å drive tilsyn klart fram. Dette er altså ikkje noko nytt krav, men Vestnes har dessverre enno ikkje komme i gang med dette arbeidet.

Vurdering

Som elles på slam- og avløpsområdet er det vanleg at det er eigar/tiltakshavar som skal dekke kostnadane med saksbehandling, tilsyn og kontroll. Den lokale forskrifta skal gje kommunen heimel til å pålegge gebyr for å dekke kostnadane ved dette arbeidet.

Forskrifta omfattar gebyr for saksbehandling, tilsyn og kontroll med:

1. Opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid
2. Utslepp av sanitært avløpsvatn fra bustadhus, hytter og liknande
3. Utslepp av kommunalt avløpsvatn frå mindre tettbebyggelsar
4. Utslepp/påslepp av oljehaldig vatn

5. Påslepp av feithaldig vatn

Før slik lokal forskrift kan leggast fram til behandling i kommunestyret, skal forslaget ut på høyring. Offentlege og private institusjonar og organisasjonar, næringsliv og abonnentar som forskrifta skal gjelde for eller interesser vert berørt, skal gjevast høve til å uttale seg om framlegget. Det skal elles, så langt det trengst for å få saka allsidig opplyst, også hentast inn uttale frå andre.

Vedlegg

Framlegg til «Forskrift om gebyr for saksbehandling, kontroll og tilsyn etter forureiningsregelverket, Vestnes kommune, Møre og Romsdal»

Særutskrift: